



Norges Vassdrags- og Energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1912 - 14/8869

Saksbehandlar:

Christian H. Reinshol

Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:

09.04.2014

Uttale - Søknad om endring av konsesjon for å kable delar av leidningen. Gjeld 132 kv Seim-Mongstad ved planlagd Lindås Transformatorstasjon

Me viser til motteken søknad om endring av konsesjon for å kable delar av 132 kv leidning mellom Seim og Mongstad. Av søknaden går det fram at det er ynskje om å leggje leidningen i kabel rundt den nye transformatorstasjonen på Mongstad.

Lindås kommune er positive til at kraftlina vert lagt i kabel på strekka, men har ein merknad knytt til gjennomføringa av tiltaket. Lindås kommune har hovudleidning for vassforsyning til Mongstad i det aktuelle området for den nye jordkabelen. Kommunen har eit kontinuerleg behov for uhindra tilkomst våre installasjonar for drift, vedlikehald og utskifting. Den omsøkte omlegginga må ta omsyn til dette og me ber om at det vert sett krav om at BKK i den samanhengen har eit nært samarbeid med kommunens VA-avdeling ved planutforming, prosjektering, utbygging og drift av jordkabelanlegget. Eit brot på vassleidninga vil vil føre med seg store verknader for aktiviteten på Mongstad (deriblant raffineriet) og det er soleis sær viktig at ein unngår dette og planlegg i nært samarbeid med VA-avdelinga til kommunen

Me ber om at NVE tek dette med seg vidare i handsaminga av konsesjonssøknaden.

Med helsing

Christian H. Reinshol
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kopi til:
BKK Nett AS
NVE

Kokstadvegne 37 7050

TRONDHEIM

Mottakarar:

Norges Vassdrags- og
Energidirektorat

Postboks 5091
Majorstua

0301

OSLO